SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

**Nærings- og kulturavdelinga**

**Sakshandsamar:**
Siri Ingvaldsen
E-post: Siri.Ingvaldsen@sfj.no
Tlf.: 90789828

**Vår ref.**
Sak nr.: 17/3628-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**
13415/17

**Dykkar ref.**

**Dato**
FØRDE, 21.04.2017

**Planutvalet, møte 3. mai 2017**

# Regional plan for kultur – Arbeidsdokument nr 1

## 1. Bakgrunn

Gjennom regional planstrategi 2016-2020 har FT vedteke at det skal utarbeidast ein regional plan for kultur. Planprosessen skal gjennomførast i 2017 og 2018, og planen skal gjelde frå 2019.

Planarbeidet skal skje i tråd med Plan- og bygningslova sine reglar, §§ 8-1 til 8-4. Fylkeskommunen sitt mynde til å utarbeide regionale planer utifrå planstrategien er delegert til fylkesutvalet.

Regionale planar omhandlar område med stor kompleksitet og krav om breie prosessar med med-verknad frå mange hald. I prosessane må det leggast til rette for samarbeid med kommunane og statlege regionale myndigheiter, og i dette tilfelle òg med kulturinstitusjonane, frivillige lag og organisasjonar og private aktørar.

Regional planstrategi peikar på følgjande hovudutfordringar for Sogn og Fjordane:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkludering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringane

Kulturområdet er særskilt nemnd under målbiletet pkt. 5-7 som dreier seg om utdanning, inkludering og folkehelse. Ynskte effektar er m.a. tenester av høg kvalitet, godt omdøme, utjamning av sosiale skilnader, høg trivsel og livsmeistring. Sogn og Fjordane skal vere eit attraktivt og godt fylke å bu og leve i, arbeide i og besøke, og fylket skal ha kulturopplevingar som gir eit rikare liv og byggjer identiteten vår.

Utfordringane med å finne felles strategiar innanfor dei fire hovudområda arbeid, utdanning, bustad og fritid vil krevje at vi tek tak i spørsmåla om attraktivitet og inkludering. Her vil kulturfeltet kunne spele ei viktig rolle.

## 2. Føremål med planprosess og plan

I denne planprosessen må vi drøfte korleis kulturfeltet kan bidra til å oppfylle måla i regional plan-strategi. I planarbeidet må vi ta utgangspunkt i utfordringane som strategien peikar på. Kulturfeltet vil kunne stimulere til innovasjon og nytenking, kunnskapsdanning, personleg vekst og trivsel, og til å byggje identitet og samhøyrigheit. Såleis er det relevant å drøfte kulturtema opp mot alle utfordringane i regional planstrategi. Særleg sentrale punkt er likevel migrasjon og inkludering og verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet. Her vil kulturfeltet kunne ha mykje å tilføre.

Gjennom planarbeidet bør vi førebu oss på å gå inn i ei regionreform. Planen bør difor også i nokon grad dreie seg om berøringspunkt og samhandling med Hordaland fylkeskommune.

I planprosessen og i ferdig plan må vi halde oss til statlege føringar og nasjonal politikk på området.

Vi må gjennom planarbeidet skaffe oss brei oversikt over kulturfeltet og identifisere kva vi er gode på og såleis kan byggje vidare på, og kva område vi har behov for å styrkje. Vi må tidleg i prosessen definere kva tema som skal vektleggast i det ferdige plandokumentet. Det ferdige plandokumentet skal syne status og gje retning for vegen vidare.

## 3. Organisering av planarbeidet

**Politisk organisering:**

| | |
|---|---|
| Politisk styringsgruppe: | Fylkesutvalet.<br>Utvalet gjer vedtak om utlegging av planprogram og plan, og tilrår endeleg plan for fylkestinget. |
| Politisk drøftingsgruppe: | Planutvalet |
| Politisk referansegruppe: | Hovudutval for næring og kultur |

**Administrativ organisering:**
Innafor den administrative leiinga må fylkesrådmannen, gjennom eiga leiargruppa, stå for den overordna styringa.

Innafor denne ramma vil arbeidet bli vert organisert som eit prosjekt der vi nyttar tilnærma PLP (prosjektleiarprosessen) som metode**.** Det vil og bli aktuelt å etablere ei administrativ partnarskapsgruppe med deltaking frå kommunane/KS, kulturinstitusjonane, frivillig sektor m.fl. Ei slik gruppe bør leiast av fylkesdirektør for næring og kultur.

Arbeidsgrupper på ulike tema kan opprettast når val av tema er avklara i vedteke planprogram. Vi vil leggje vekt på å hente inn eksterne partar som har oppgåver innan dei ulike fagområda, og som kan bidra fagleg i prosessen.

Ungdomspolitisk utval, Ungdommens ressursgruppe (UKM) og andre som representerer ungdomen i fylket må trekkjast inn i arbeidet på eigna måte. Det same gjeld fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Tilråding:
Planutvalet har ikkje merknader til den omtalte politiske organiseringa.

## 4. Medverknad

Vi legg til grunn plan- og bygningslova sine reglar om medverknad, og førebur innspel og høyringar i samsvar med det. Kommunane, organisasjonar og andre aktørar vil verte inviterte til å spele inn problemstillingar og spørsmål som dei meiner er viktige å drøfte. Medverknad vert sikra m.a. gjennom ekstern administrativ styringsgruppe, arbeidsgrupper, referansegrupper og dialogmøte.

Det vert oppretta ei eiga nettside der vi inviterer til innspel i prosessen.

## 5. Kopling til andre planer/strategiar

Regional plan for kultur er forankra i Regional planstrategi 2016-20. Planen vil avløyse Kulturstrategi 2015-2018.

Kulturplanen vil ha berøringspunkt med i alle høve Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-19 og Regional plan for folkehelse 2015-25. Det bør drøftast om desse planane kan inngå som del av ein ny regional plan for kultur, i alle høve når det vert arbeidd med handlings-programmet. Fylkeskommunen er dessutan i ferd med å utarbeide ein festivalstrategi, og det er også føresett at denne kan bli ein del av den framtidige regionale planen for kultur. Generelt er det viktig å syte for god kommunikasjon i parallelle planløp.

Fylkeskommunen får kommunale planar til uttale. Kulturspørsmål vil gå inn i samfunnsdelen i slike planar, og i delplanar og temaplanar. Uttalar vil måtte forankrast i Regional plan for kultur, slik at vi sikrar samsvar og eintydige tilbakemeldingar til kommunane.

## 6. Kunnskapsgrunnlag og nasjonale føringar

Ein sentral del av planprosessen er å skaffe oversikt over kva vi veit om situasjonen for dei ulike kulturområda i fylket. Vi vil gjennomføre nødvendige kartleggingar, hente inn relevant statistikk og greie ut aktuelle temaområde.

Det er bestilt analyse av situasjonen på kulturfeltet i Sogn og Fjordane frå Telemarksforsking. Det vil også bli vurdert om det er behov for å gjennomføre ei undersøking om frivillig arbeid i fylket.

Lover og forskrifter, stortingsmeldingar, utgreiingar og rapportar gir rammer for arbeidet med planen. Det vil vere nødvendig å gå grundig inn på ei rekkje av dei førande dokumenta i planprosessen, avhengig av kva som vert dei sentrale tema i kulturplanen.

## 7. Tilhøvet til kommune- og regionreforma

Stortinget har vedteke ei kommune- og regionreform som skal gjelde frå 2020. Regjeringa foreslår å slå saman Hordaland og Sogn og Fjordane.

I Prop 84.S «Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå» vert det foreslått å overføre nokre oppgåver til fylkeskommunane alt frå 1. januar 2018. Fleire oppgåver på kulturfeltet kan kome i den varsla kulturmeldinga, gjennom ekspertutvalet sitt arbeid mv.

Intensjonsavtalen mellom Hordaland og Sogn og Fjordane fordeler ansvar for å leie dei ulike fagområda mellom dei to fylka. Den administrative leiinga av kulturområdet er føresett lagt til Sogn og Fjordane.

## 8. Førebelse problemstillingar til planprogrammet

I planprosessen må vi sjå på lokale, regionale og nasjonale utfordringar som på ulike måtar kan leggje føringar for kulturpolitikken for Sogn og Fjordane. Eit sentralt spørsmål er kva rolle kultur skal spele i samfunnsutviklinga. Kvifor er det viktig å satse på kultur? Det vil vere naturleg å knyte kulturfeltet til samfunnsområde som arbeidsmarknad, bustadmønster, kommunikasjonar og rekreasjon. Vi må sjå på kva som betyr noko for levekår og livskvalitet for ulike grupper i befolkninga. Attraktivitet, inkludering og deltaking er her viktig. I ein tidleg fase av planarbeidet må vi definere kva hovudtema frå regional planstrategi kulturplanen skal ta utgangspunkt i.

Det vil vere viktig å prioritere eit avgrensa tal utfordringar planen skal svare på og å definere kva målgrupper som skal ha fokus. Målet kan ikkje vere å dekkje alle område av kulturfeltet like godt. Ei slik tilnærming vil gjere oss ute av stand til å gå i djupna og å peike ut ei tydeleg retning.

Planen må gi eit bilete av kulturmangfaldet i Sogn og Fjordane slik det er i dag. Vi må skaffe fram ny informasjon om dei kulturområda vi veit minst om og samordne data frå ulike felt for å gi grunnlag for kvalitetsvurdering og evaluering. Plandokumentet må beskrive kva politiske, faglege og økonomiske rammer vi må halde oss til.

Det vil vere naturleg å opne for ulike tema i dei innleiande diskusjonane. Vi må drøfte korleis vi skal definere kultur i denne samanhengen, og kva som skal vere dei konkrete måla for arbeidet. Korleis utviklar vi ein god kulturpolitikk for innbyggjarane i fylket? Kva har vi moglegheit til å påverke, og korleis definerer og evaluerer vi kvalitet på dei ulike kulturområda?

Éi problemstilling er korleis vi skal leggje til rette for frivillig aktivitet og samstundes ha eit profesjonelt kulturliv i fylket. Vi må drøfte korleis vi best balanserer fylkeskommunal innsats på desse felta og sikre at vi set inn støtta der behovet er størst og i samsvar med vedtekne prioriteringar. Planen må diskutere rolleavklaring mellom forvaltningsnivåa og mellom frivillig og offentleg sektor.

Etter ei innleiande skildring av situasjonen og presentasjon av hovudutfordringane, må kulturplanen definere nokre område som skal prioriterast i planarbeidet. Den følgande diskusjonen må handle om korleis dei faglege, personalmessige og økonomiske verkemidla vi rår over kan bidra til å løfte desse prioriterte områda.

Kulturområdet femner om ei rekkje tema, som kulturarv og museum, bibliotek, språk og litteratur, arkiv, kunstproduksjon, kulturformidling, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, kultur og folkehelse, frivillig arbeid, verdiskaping og kulturbasert næring. Eit viktig spørsmål som bør avklarast tidleg i planprosessen er korleis vi organiserer plandokumentet. Her finst det fleire tilnærmingsmåtar.

Døme kan vere inndeling etter:

- dei ulike kulturområda: kulturminne, arkiv, museum, bibliotek, kino osv.
- dei ulike kulturuttrykka: litteratur, språk, musikk, scenekunst, bildande kunst, kulturarv, osv.
- dei to hovudområda frivillig arbeid og profesjonell kunst og kultur
- ulike målgrupper: barn og unge, innvandrarar, funksjonshemma, eldre, osv.
- kultur sett i samanheng med andre samfunnsområde: kultur og lokalsamfunnsutvikling, kultur og helse, kultur og næringsutvikling osv.
- anna inndeling: mangfald/kultur for alle, deltaking og oppleving, kvalitet og kompetanse, lokal og regional infrastruktur, språk/nynorsk, digitalisering osv.

Hordaland fylkeskommune har valt ei organisering av sin regionale kulturplan der dei etter innleiande kapittel om utfordringar og politiske og økonomiske rammer ser på busetnadsmønster og infrastruktur, formidling og deltaking, verdiskaping og samordning. Deretter har kulturområda kulturminnevern og museum, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, og fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv fått kvar sine kapittel. Ei slik organisering gir eit visst rom for å drøfte felles problemstillingar samstundes som ein kan gå nærare inn på utfordringar for kvart av dei valde kulturområda. Men ein har mindre plass til å diskutere dei ulike kulturuttrykka samla og å undersøkje korleis ein kan samordne verkemiddel for å styrkje kulturfeltet som heilheit.

For å leite etter nye moglegheiter for utvikling og god ressursbruk kan det difor vere nyttig å sjå dei ulike kulturområda og kulturuttrykka meir i samanheng i planarbeidet. Med ei slik tilnærming kan vi undersøkje korleis kulturuttrykka kan utfylle kvarandre og støtte opp om dei tema som skal prioriterast i planen. Dette perspektivet kan gjere oss betre i stand til samordne innsatsen på kulturfeltet og å setje inn ressursane mot dei prioriterte områda. Vi bør likevel ikkje låse oss til ei bestemt inndeling tidleg i prosessen, men ha som utgangspunkt at vi ynskjer å definere klart kva som

er prioriterte område og å ha ei tverrfagleg tilnærming til planarbeidet. Innspela frå partnarskapen vil òg vere med og påverke val av tema og formuleringane i planen.

Planen må munne ut i eit kapittel med prioriteringar og handlingsprogram.

Tilråding:
Planutvalet tek drøftingane over til vitande.

Planutvalet legg til grunn at det gjennom planarbeidet skal veljast ut eit avgrensa tal kulturtema som skal ha fokus. Desse skal utgreiast med tanke på utfordringane som Regional planstrategi peikar på. Strategiar og tiltak i kulturplanen skal kunne bidra til å nå måla som Regional planstrategi set opp.

## 9. Framdriftsplan

Fylkesrådmannen har sett opp framdriftsplanen under for arbeidet med regional plan for kultur. Denne vil kunne bli ytterlegare detaljert etter kvart som arbeidet går framover.

| | |
|---|---|
| Mars/april 2017 | Avklaring av prosess, organisering, medverknad, overordna tema, rolledeling, m.m. Innleiande oppstart. |
| 3. mai | Planutvalet - arbeidsdokument 1/17 |
| April - september | Arbeide med kunnskapsgrunnlag for planarbeidet |
| April-september | Arbeide med utkast til planprogram. Gjennomføre forankrings-/drøftingsmøte (kommunane, kulturinstitusjonane, frivillig sektor, UPU, fylkesråda). |
| 27. september | FU gjer vedtak om å sende planprogram på høyring. |
| Oktober - november | Planprogram på høyring. Høyringsfrist 1.desember<br>Høyrings-/drøftingsmøte med partnarskapen, UPU, fylkesråda mv.<br>Vidare arbeid med kunnskapsgrunnlaget |
| Januar 2018 | Fylkesutvalet – endeleg vedtak om planprogram |
| Januar - april | Vidare arbeid med kunnskapsgrunnlaget.<br>Utarbeide forslag til regional plan for kultur |
| Mai | FU; vedtak om utlegging av forslag til regional plan til offentleg ettersyn. |
| Mai - august | Regional plan på høyring - inkludert høyringsmøte |
| 1. september | Høyringsfrist |
| September | Bearbeide plan etter innspel |
| September | FU - tilråding til vedtak om regional plan |
| Oktober | Vedtak i fylkestinget |

Tilråding:
Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen.

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Jan Heggheim
fylkesdirektør

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:
Mottakar (ar)
Kopi til: